



### Føresette

Referansar:

Dykkar:

Vår: 17/1637 - 17/10202

Saksbehandlar:

Jorunn Krossøy

jorunn.krossoy@radoy.kommune.no

Dato:

21.08.2017

## Informasjon om kantineordninga på Sæbø skule - skuleåret 2017/2018

### Vi held fram med opplegget slik som sist skuleår:

**Ferskt Brød:** Vi kjøper ferskt brød på Bunnbspis kvar morgen.

**Varm mat:** Siste fredag i månaden.

**Kornblanding:** Kvar fredag. Det vert og sett fram knekkebrød og litt pålegg for dei som heller ønskjer det.

### Vi på skulen ser tydeleg fordelane med felles skulemat:

- Ingen svoltne ungar utover dagen.
- Det vert servert sunn mat.
- Ingen telefonar frå frustrerte foreldre som har gløymt å senda med matpakke, eller som finn mygla matpakkar i sekken når den vert rydda.
- Sosialt fellesskap. Vi pratar og har det triveleg i lag når vi et. Vaksne er spreidd rundt på elevborda.
- Alle et av same mat. Ingen hjerter blør fordi ein heim vartar opp med noko meir enn det eg kan få.
- Elevane må læra seg bordskikk, utan vert det ikkje triveleg for alle.
- Elevane er blitt flinke til rydding/vasking av bord, og golv i kantina, (går på omgang mellom elevane).

Fleire av punkta over samsvarar med måla i faget **Mat og helse** i *Kunnskapsløftet*. Vi nyttar difor delar av tida i dette faget i kantinetida. Det betyr at kantinetida ikkje er friminutt, med delvis undervisningstid.

Måltidet består dagleg av: brødmat, knekkebrød, smør, kvitost, brunost, diverse tubeostar, fleire typar skinke, fårepølse, salami, servelat, leverpostei, makrell i tomat, tomatsild, sursild, kaviar, tomat, paprika, agurk og drikke, melk eller vatn. I tillegg får elevane frukt.

Ein del av elevane har **matintoleranse**, eller **sjukdommar** som gjer at dei må ete spesiell mat. Dette tek vi omsyn til så langt vi kan. Om vi ikkje får det til, er det sjølvsagt grunn til fritak.

Vi satsar på sunn og god mat. Sukkermengda vert høg for dei som et berre et brunost. Vi snakkar med elevane om dette.

Siste dag før feriar i skuleåret har vi festmåltid i kantina med noko ekstra godt, til dømes kakao, eggerøre, egg, laks og reker for å nemna noko.

### Vi på skulen ønskjer ordninga fordi vi meiner den er god for elevane. Sjølv om det er krevjande både organisatorisk og ressursmessig, meiner vi den er verdt det.

- Skulen sitt hovudfokus er læring. Læringa vert betre med mat i magen og stabilt blodsukker.
- At alle får tilbod om same mat og et rundt same bord, er både konfliktdempende og positivt sosialt.

---

#### Post

postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

#### Kontakt

Tel 47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634

**Betaling:**

- SU/SMU har sett prisen til 12kr pr dag pr elev for skolemåltidet fordelt på fire faktura pr skuleår.
- Det er 188 skuledagar med servering. Det betyr 2256kr pr år. Kvar faktura vil lyda på 564kr.
- For dei tilsette vert betalinga av mat fordelt på lønsutbetalingane.
- Det vert gjort fråtrekk for faste fridagar etter timeplanen, og faste timeplanlagte aktivitetar der tilsette og elevar ikkje er på skulen. Døme: Elevar som har fast utedag, får frådrag for dei utedagane dei har. Desse dagane må dei ha med niste.

**Faktura vert sendt ut med forfall i oktober, desember, mars og mai.**

**Kantineordninga er frivillig.**

Skulen og SU/SMU er kjend med at i prinsippet skal skulen vera gratis, difor kan heimane reservera seg. Bruk lappen under dersom de ikke ønskjer å vera med på matordninga.

**Dei som melder seg ut:**

- Frukt og mjølk er ein del av kantineprisen. Dei som melder seg ut, melder seg ut av det og.
- Festmåltid i samband med feriar og høgtider er finansiert av kantinebetalinga.
- Vi ønskjer ikkje saft på skulen. Elevane kan få mjølk mot betaling. Ta kontakt om det er ønskjeleg.

**Dersom du ikke ønskjer at ditt barn skal vera med på skolemåltidet, ber vi deg om å returnera utfylt skjema til skulen seinast 19.september! (Dei som vel å ha med eigen mat, et denne saman med dei som er med på skolemåltidet)**

Eg/vi <u>ønskjer ikke</u> å betala for skolemåltid for _____	
_____	
Stad - Dato	Underskrift føresett

Med helsing

Trine Merete Jansen  
Rektor Sæbø skule

Jorunn Krossøy  
sekretær Sæbø skule

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Føresette